

# Rapport Grøn konsesjon- 2020

Drifta av den grøne konsesjonen har vore i henhold til vilkåra for vår grøne konsesjon kategori C:

- Stor post smolt produsert i lukka flytande betonganlegg
- Bruk av oppdretta rensefisk ved produksjon i open sjø
- Bruk av luseskjørt ved produksjon i åpent anlegg

I 2020 har me hatt desse gruppene via vårt lukka anlegg:

Satt i lukka anlegg	Flytta til lokalitet	Flytta til sjø	Produksjonstid open sjø	Art
Februar 2020	Leirvika	Mars 2020	8- ikkje utslakta	Aure
September 2020	Duesund	November 2020	Framleis i sjø	Laks

## Drift Lukka anlegg:

Når fisken vert lossa er det viktig å gjere det så sein som mogleg. Karet er grunt og fisken kan fort verte pressa mot botnen av karet. Me har planlagt å skaffe eit røyr som fisken kan verte lossa i som vil kunne avhjelpe dette.

I periodane med fisk i karet på Ådnekvamme har gått bra. Av dei fiskegruppene som har vore i kara verkar det som at auren går best, sjølv om den er meir krevjande på mange måtar. Blant anna krev den meir oksygen, og den er vanskelegare å få ut med kastenota.

Koronaen har begrensa våre muligheter til å nytte karet, sidan dette er ein teknologi som krev beredskap med personell med nødvendig kompetanse og erfaring. Vi har tilstrekkeleg med personell med nødvendig kompetanse i en beredskapsituasjon utanfor pandemien. Vi har under pandemien ikke hatt moglegheit til å lære opp ytterlegare personell for å gi dei naudsynt kompetanse og erfaring under dei rådande koronarestriksjonane. Vi har også erfart at tilgangen til ekstern spesialkompetanse og tryggleik for leveransar av reservedelar er nødvendig i kritiske situasjoner. Dette gjorde at risikoen ved bruk av det lukka anlegget under koronarestriksjonar var unødvendig høg og gjorde at det vart naudsynt å søke dispensasjon frå kravet til bruk av det lukka anlegget.

**Drift open sjøfase:**

Me har hatt grøn fisk i 2020 på Duesund, Langøy, Leirvika og Kverhella. På same måte som tidlegare år har me drifta med luseskjørt og rensefisk. I tillegg har me fått luselasere som me ser har effekt. Me har brukt relativt høge innblandingstal, mellom 20-30% med rognkjeks, og ser at me må opp i tilsetting for å få nok effekt av den. Dersom rensefisken skal verke er det heilt avgjerande å halde merdane reine, ha godt med reine skjul i anlegga, føre rensefisken i skjula, slik at den ikkje går langs med notveggen, samt å ha eit godt oppsett der laksen og rognkjeksa kan ha kontakt. Dersom desse punkta vert fulgt opp ser me svært god effekt av rognkjeks. I 2020 har me avlust Duesund ein gong.

**Samandrag:**

Me har hatt ein god effekt på lusetala av å sette ut stor post-smolt i open sjø, kombinert med dei øvrige tiltaka. Me har berre avlusa to av lokalitetane med termisk avlusing.